

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala
Sak nr.: 18/9026-2

Oppdragsansvarleg revisor si uavhengigheit 2018 - Sogn og Fjordane revisjon IKS

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Vedlagde uavhengighetserklæring frå oppdragsansvarleg revisor i SF revisjon IKS vert teken til vitande.

Vedlegg:

- Brev frå SF revisjon IKS, datert 8. november 2018, vurdering av oppdragsansvarleg revisor sin uavhengigheit i forhold til Sogn og Fjordane fylkeskommune

Andre relevante dokument i saka:

- Lov om kommuner og fylkeskommuner (Kommuneloven)
- Forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner mv.

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet skal, i følgje kommunelova § 77, sjå til at fylkeskommunen sin rekneskap vert revidert på ein trygg måte. I forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 4 står det at kontrollutvalet skal sjå til at fylkeskommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. I dette mandatet ligg også ein kontroll av revisor sin uavhengigheit overfor den som vert revidert.

I samsvar med forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar mv. (heretter forskrift om revisjon) § 15 skal den som føretek revisjon i fylkeskommunen vurdere sin uavhengigheit. Det står i forskrifta:

«Den som foretar revisjon skal løpende vurdere sin uavhengighet. Oppdragsansvarlig revisor skal hvert år, og elles ved behov, avgi en skriftlig egenrevisning av sin uavhengighet til kontrollutvalget»

Kravet til uavhengighet og objektivitet gjeld både revisor og revisor sine medarbeidarar. Kravet om dokumentasjon gjeld berre oppdragsansvarleg revisor.

Oppdragsansvarleg revisor for finansiell revisjon er Marianne Vara, SF revisjon IKS.

Kontrollutvalet mottok vurdering av uavhengigheit frå Marianne Vara, SF revisjon IKS 8. november 2018.

2. Vurderingar og konsekvensar

Den mottekne vurderinga av uavhengigheit frå oppdragsansvarleg revisor i SF revisjon IKS inneheld ei vurdering basert på krava om uavhengigheit i kommuneloven § 79 og i forskrift om revisjon §§ 13 og 14.

Kontrollsjefen er av den oppfatning at vurderinga dekker kravet i forskrift om revisjon § 15 om dokumentasjon av uavhengigheit og at det ikkje er noko i vurderinga som vil svekke tilliten til revisor i høve til krava til uavhengigheit som er stilt i kommuneloven § 79 og forskrift om revisjon §§ 13 og 14.

3. Konklusjon

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å ta «Vurdering av oppdragsansvarleg revisor sin uavhengigheit i forhold til Sogn og Fjordane fylkeskommune» frå oppdragsansvarleg finansiell revisor i SF revisjon IKS til vitande.